Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sola

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard: Tjelta

(adresse): | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ordet for eng e kjelva, f. Dei har også ordet vød'l, m, men N.N.T. veit ikkje annan skilnad på den og kjelva enn at vød'l e turrare. Han viste ~~[illegible]~~ heller ikkje annan skilnad på kjelva og egra, f, enn at egrå helst ligg noko høgt. Det var ein stad på Tjelta som dei kalla Tjeltaegrene, det var fleire bruk ni.
Det hadde også utslåtter på Tjelta, små slette flekkjer i utmarkjå. I utslått-höget var det mykje pors og slikt.
~~Gardane~~ Tjelta og dei andre gardane kring Heigrevatnet slo mykje vassgras der etter at det var sölt føste gongen. Dei tok til med denne slåtten jonsoktider. Graset måtte dei bera tillands våt og turka det der. Det var helst sauen og hesten som fekk dette höget. Etter dette tok dei på utslåttene. Då måtte dei ha kvasse ljåe. Höget bar dei ihop på slettaste plassen og satte det der. Dei kunne få eit lass eller så av kvar utslåtte.

2. Om våren rödde dei; dei plukka stein og raka

14031

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

saman hevd som hadde vorte liggjande. Den kjörte dei av på udyrka mark eller inn i hevdalóa.

3. Det vor svart så fort mosen kom i Mjelva, men N.N.T. viste ikkje anna råd med den enn å plöga. N.N.T. vor ein av dei förste på Tjelta som tok til å så i attlegg - han overtok garden ~~4. Ikkje spurt.~~ i 1898. Det vor ikkje vanleg at dei sådde höyfrø frå låven. Det förste han minnest var det vanleg å leggja igjen utan å så. Förste året kom det baliblom, kvekka og raugras (skjedkne), andre året tok villgraset til å visa seg. N.N.T. hor ikkje högrt eller sett nokon som sådde kvekerótr i attlegget, men ein av grannane hans sådde kvekerótr i poteåkeren for han trudde han skulle få nyrje og gode poteter. Sjölv hadde han ikkje kvekka og fekk lite poteter, mens grannen, som hadde nyrje kvekka, fekk god avl.

4. Ikkje spurt.

5. Dei hevda ikkje utslåttene før i seinare tid då dei tok opp arbeid for å få bort lyngen. Åt Hönsehevda vor bra på utslåttene. Då dei tok til å så timotei, måtte dei hevda enga. Før den tid fekk enga lite hevd. Det förste kunsthevda dei fekk vor svovelsurt beinmjöl og Lofotens fiskeguano.

14031

6-8. Ikkje spurt.

9. Kyrne beitte ikkje kjelva om våren, dei vart fjora på utslåttene. Sauene derimot gjekk på kjelva. Til 3. mai, då dei sette opp hegnå, gjekk sauene overalt på innmarka, etter den tid måtte kvar ha sauene hjå seg sjølv. Det var utskifting på Tjelta i 1912, til den tid hadde dei teigblanding.

10-21. Ikkje spurt.

14031